

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: F r æ n a.

Emne: S k a v.

Bygdelag: do.

Oppskr. av: Hans Haukås

Gard:

(adresse): Elnesvågen

G.nr. - - - - Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

sp.1. Ein brukar både Tilleggsfor-hjelpefor-Attatfor

Sp.2. Borkefor-Deitfor-Skogafor.

Sp.3.-å skvare- sjev-skov-skave.

Sp.4. Skav var mykje nytta før- Namn: S k a v-Borkefor.

Til hjelp i forknappe tider.

Sp.5.

Ein nytta : rogn-osp-selje-hegg-ogso bjerk.

Rogn og osp var halde for besst.

Sp.6. All ved som vart lagt opp til skaving var kalla

Skavelen.

Sp. 7. Osp er bra-Bjerk kan ein ta. Hegg er til fest-men

rogna er besst.

Sp.8. Vanleg var det sau og gjeit-som fekk beit-men kua fekk Skav.

Dei fekk skavet utpå vinteren og våren, når ein såg at det vart knappet med for.

Det var ikkje blanda saman med det andre foret.

Det var ikkje alle dyra som tok skavet like godt.

Og skav av Older var rekna for ringt.

Sp.9. Det var vanleg å rekna med meir mjølk, når skavet

var nytta berre til attatfor. Men formykje skav til for gav mindre mjølk og gulare smør.

Mykje skav gav mjølka ein skarpere smak.

2

Sp.10. Når ein nytta Skav vanleg til foring, tok ein ut skavstokkane, når ein kørde ved, kutta dei i lengder på vel 1. meter, og la dei til side i ein haug.-Skavhaugen. Hadde ein ikkje nokon Skavhaug, drog ein på skogen og fann skavstokkar. Ogso skavet av hesjeveden vart nytta, serleg når det var rogn, osp, hegg eller selje.

Sp.11. Ein var i Borke-skog-eller skav-skog.

Sp.12. Ein kalla det Skav-ved.

Sp.13. Me nytta -berka-berking-ordet-morka-er ikkje kjend.

Sp.14. Vinteren og våren.

Sp.15. Vinterstid i kaldt ver heldt ein til i krå i kjøkkenet-elles på laven eller i vedskotet.

Sp.16. Ein nytta jamnast ein skav-kniv-med eit handtak.

men kunde ogso bruка bandkniv. Kniven var kalla Skavellen.

Han var laga til dette arbeidet-men kunde ogso nyttast til utholing av trau, skjeier o.a.-Sjå ritet-

Den var oftaste laga av ein ljå-Frå "bakken" på ljåen og nedover tok ein remse på $1\frac{1}{2}$ -2 cm breidd-og ei 10 cm lengd Slipa dei 10 cm.kvasse. So bruка ein ljåbakken til fest i skaftet på både sider-og gjorde skavegga rund.

Sp.17. Når skav-veden var kappa i passelege lengder på ca. 1.m. tok ein nokre av desse inn på kjøkenet, so sette ein nedste enden på kneet, heldt stokken med eine handa og skov frå øvste enden nedover. So snudde ein andre enden på stokken i veret-og skov derfrå-slik skov ein stokk for stokk. Hesjeveden som hadde større lengder skov ein jamnast ute, i vedskjulet eller på laven. Ein sette då enten stokken mot ein vegg eller la den med enden på låvebrikja og sat

på stokken medan ein skov. Nytta ein skavkrakk, hadde ein jamnast ein kloss på eine enden av krakken, som ein sette enden av skavstokken mot og sat på stokken medan ein skov. Den klossen ein sette stokken mot var kalla skavel.

Sp.18. Når ein bruка bandkniv og både henderne å skava med sette ein eine enden mot golvet-og den andre mot ein vegg eller biten i vedskjulet. Skavel-sjå 17.

Sp.18. Skavkniven stod aldri fast, so ein skyva stokken.

Sp.19. Sjå-sp og svar på 17.

Sp.20. SKav- ved.

Sp.21. Ein kallar det-S k a v-


Sp.22. Ein skjev både tunne og tjukke stokkar. Lengda ca. 1.m.

Sp.23.-skav-stokkar-Skavkubb.

Sp.24. Til kyr skal skavet helst vera tynnt og smått, til sau og gjeit kan det vera grøvare. Ein tok all bork og ei hinne av veden. Tynnt og mjukt skav lika dyra besst.

Sp.25. Veden vart nytta til baksteved-flatbrødbakster.

Sp.26. No er ikkje skav nytta her lenger.



BYGDØY, 25.aug. 1954.

-søgning av spørjelista og medvirkende
medførte til følgende:

Først av alt av svarer han at han har
haft noko med teknisk utstyr.
Han er også med i et svar fra Hr. Hans Haukås,
som også svarer om teknisk utstyr.
Men han svarer at han ikke har teknisk utstyr.

Han forteller at han ikke har teknisk utstyr.
Han har ikke hatt teknisk utstyr i sin
tid som fisker, men han har hatt teknisk utstyr
i sin arbeid med jordbruksarbeidet.

I det gode svaret Dykkar på spørjelista vår om skav skriv
er det følgende:

De i svaret på sp.17: "Nytta ein skavkrakk, hadde ein jamnast
ein kloss på eine enden av krakken som ein sette enden av skavstø
ken mot og sat på stokken medan ein skov. Den klossen ein sette
stokken mot var kalla skavhel."

Når Nå er det detrat De höyrer til eit strok der det var lite
vanleg å nytta nokoslag skavkrakk anna enn sagkrakk dersom det
var stor skavved ein skulle skava. Eg er difor ikkje heilt viss
på korleis den skavkrakken De nemner, ser ut og ville difor gjer-
ne De skulle teikna den for meg. Dersom det då ikkje er ein vanleg
sagkrakk De meiner.

Eg arbeider med ei lita utgreiing om skav, difor vil eg så gjer-
ne ha greie på skavkrakken Dykkar.

V y r d s a m t

Andreas Ropeid


Skavkrakk-ovanfrå

skavhæl



Vegg

Fra sida.



Denne krakken såg eg på ein av grannegardane for ei 40 år sidan.

Krakken stod mot ein vegg. På veggen i vedskjulet var slengen ein kloss.

Krakken var ein 2"toms planke ei 6-7 tom breid. Nerast veggjen var lagt eit plankestykkje ovanpå. I det var utsaga ein firkant i midten.

Ein la skavstokken oppå planken med enden inn i skavhelen. So skov ein først av enden neraste skavhelen, snudde so skavstokken og skov av andre enden. Mannen som skov sat over skavhelen og enden på stokken.

Dei tok ogso bøken av emningsved på denne krakken-og av gjerdestolpar og hesjeved.

Elnesvågen 26/8--1954.

V y r d s a m t.

H a n s H a u k å s.

9162